



Oster Pukk og Sand AS
Eikemovegen 3
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/524 - 19/10717

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.04.2019

Oppsummering etter møte 21.03.2019 - gbnr 220/2 Aurdal store



Saka gjeld: Mogleg frådeling av parsellar frå gbnr 220/2
Deltakarar: Rune Alling frå Oster Pukk og Sand AS
Siril Sylta og Anne Lise Molvik frå Lindås kommune.

Saka gjeld planlagt frådeling av fire parsellar frå gbnr 220/2. Parsellane ligg innanfor reguleringsplanen Eikefet – Urdal utviding av steinbrot med planid 1263-201107. Planen er under revidering.

Møtet tek utgangspunkt i førespurnaden som er journalført mottatt 08.02.2019 og førebels tilbakemelding frå kommunen gitt i skriv datert 13.03.2019.

Parsell 1

Parsellen utgjer del av teig av gbnr 220/2 som er sett av til område for råstoffutvikling og naturføremål (LNF). Parsellen skal overførast til Oster Pukk og Sand AS. Del av parsellen som er sett av til naturføremål er omfatta av sikringszone H190_1.





Kommunen er positiv til frådeling i samsvar med arealføremålet, jf. førebels vurdering i skriv datert 13.03.2019.



Parsell 2



Parsellen skal delast frå som tilleggssareal til gbnr 220/9 som. Arealet er avsett til naturføremål (LNF). Parsellen vil sikra eigar av gbnr 220/9 vegrett og rett til vedlikehald av vegen. Skal nyttast til jordbruksland/uttak av ved.



Kommune vil rå frå å søkja om frådelling av dette arealet, jf. vårt skriv datert 13.03.2019. Det vil vera vanskeleg å argumentera for å dela frå parsellen då arealet sin verdi for landbrukseigedommen gbnr 220/2 må vegast opp mot verdien ved å leggja arealet til gbnr 220/9 som er i bruk til fritidsføremål. Kommunen vil ved eventuell innsending av søknad om frådelling av dette arealet tilrå at storleiken på arealet vert redusert slik at det berre omfattar sjølve vegarealet med tilhøyrande vegskulder/grøfteareal.

Parsell 3


Arealet skal nyttast til lagerplass for storstein. Det er ønskjeleg at parsellen også omfattar arealet som ligg aust for føremålet lager og inn mot skjeringa.



Ei deling i samsvar med arealføremålsgrrensa er kurant. Arealet inn mot skjering kan inngå dersom det vert frådelt til uendra bruk. Ved innsending av søknad må arealet som skal delast frå vera koordinatfesta.

Parsell 4

Arealet omfattar sikringsområde for brottdrifta. Skal delast frå sameiget mellom gbnr 220/1 og 220/2 og overførast til Oster Pukk og Sand AS. Parsellen omfattar område der gbnr 220/9 har avtale om skogrettar. Området ligg delvis innanfor område for råstoffutvinning og delvis innanfor område for naturføremål (LNF). Heile teigen kjem inn under H390_1 som er faresone for steinsprang/steinsprut.



Kommunen er positiv til ei frådelling av arealet i samsvar med reguleringsføremål. Juridiske forhold i området må tiltakshavar avklara. Dette er privatrettslege forhold som ligg utanfor kommunen si rettleiingsplikt.

Konsesjon for drift av gbnr 220/2

Oster Pukk & Sand sin konsesjon for overtaking av gbnr 220/2 vart gitt i vedtak datert 09.12.2016. Søknader om deling bør snarast avklarast/sendast kommunen til handsaming slik at resteigedomen kan seljast og vilkåra for konsesjon kan oppfyllast. Vidare rettleiing i forhold til ny konsesjon og vilkår knytt til denne må rettast direkte til landbruksavdelinga ved landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Andre forhold

Det må sendast inn ein søknad for kvar ny parsell som skal delast frå. Kommunen sitt søknadsskjema som kan nyttast ved frådelling følgjer vedlagt.

Skjema som kan nyttast ved tinglysing av rettar i fast eigedomen følgjer vedlagt. Skjema finn du også på kartverket sine heimesider. Lenke finn du [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Skjema for tinglysing av rettar
Skjema deling, arealoverføring mm

Kopi til:

Landbruksavdelinga

Mottakarar:

Oster Pukk og Sand AS

Eikemovegen 3 5994

VIKANES